

# Motstandsdyktig og karbonlagrande landbruk

**Grøn Ungdom vil gje støtte til forsøk som kan skaffe kunnskap om motstandsdyktig og karbonlagrande landbruk. Det er viktig for å ta vare på matforsyninga på ein varmare og meir resursfattig klode.**

300 millionar hektar med jord - nok jord til brødfø heile Europa - har blitt erodert til ikkje-dyrkbar tilstand sidan ein byrja å bryte ned humus (organisk materiale i jorda) med m.a. pløying og ved vegetasjonsfjerning. Humus inneheld tre gongar den mengda karbon som er i atmosfæren per dags dato, ifølge UNEP. Grøn Ungdom ynskjer difor at Noreg skal vere ein pådrivar for å snu denne utviklinga og sette i gang program for humusoppbyggande/karbonlagrande, fossilfritt og biomangfalds-aukande landbruk.

Dette blir eit meir produktivt landbruk ettersom klimaendringane skyt fart og oljeressursane blir knappe. I dag kan få bønder dyrke noko utan olje. I den kommande krise vil kunnskapen om å drive utan olje sannsynlegvis bli svært viktig for å oppretthalde matproduksjonen.

Agroøkologi, permakultur og pløyefritt landbruk er nokre eksempel ein ser rundt om i verda, som viser at det er mogleg å drive eit klimaforbetrande og meir motstandsdyktig landbruk. I større skala vil denne omstillinga ta lang tid, og vi har allereie ei stor oppgåve med å forhindre meir nedbygging av norsk landbruk. Dette vil bety fleire arbeidsplassar i landbruket og fleire småbruk.

Det er problematisk at Noreg blir mindre og mindre selvforsynte. De foreslåtte tiltakene kan begrense problemer som følge av klimaendringer og jorderosjon. Eit motstandsdyktig landbruk blir avgjerande for Noregs matsikkerheit i dei kommande tiåra.

Grøn Ungdom ynskjer følgjande løysingar:

- Ordning for karbonlagrande landbruk: Eit mindre tilskot gjevast per forsøksareal til den drivande bonden for å auke karboninnhaldet i jorda.
- Tilskot og merking som framhevar landbruksvarer produsert utan bruk av fossile brennstoff
- Meir forskning på landbruk som i større grad er sjølvoppretthaldande som økosystem, slik at ein blir mindre avhengig av mekaniske og kjemiske hjelpemiddel i landbruket.